

168
FRÅ SJÆLEDJUPET.
Tone: Hvad kan os komme til for nød.

Frå aller nedste sjæledjup
eg ropar på Deg, Herre.
Eg glid i mot eit avgrunnsstup
som no er fælslegt nære.
Å, høyr mi arme bønerøyst,
og send meg snart di hjelp og trøyst
før det vert evigt verre.

Du Frelsar sa det betre er - i Ordet står det skrive -,
om eg gjeng halt og einøygd her på vegen inn til livet,
enn ha min likams fulle bruk, og mot det fæle avgrunns sluk
med straumen la det drive.

Det ingenting mot æva er,
det eg på jord skal lida.
Om sorg og gru meg møter her,
og allslags sjælekvida.
Det tek då slutt ved dødens port,
men sjæli som fortapt gjeng bort,
i Helheims eld må svida.

Å herre, vil Du gøyma på vår missgjerd, kven kan standa ?
Vil Du ei la meg nåde få når her mi synd eg sanna - ?
Då sig eg radt til avgrunns ned, forutan trøyst og utan fred.
Fortapt eg ut må anda.

Å, høyr mitt rop til Deg i dag.
Frels meg frå denne fåre.
I dette fæle elvedrag der driv so mang ein dåre.
Å, lat meg smaka frelsa di.
Du eine hev forlatingi
som grøder sjælesåret.